



forum for
natur og friluftsliv
i
Sogn og Fjordane

Bremanger kommune
post@bremanger.kommune.no

Leikanger 27.06.2016

Fråsegn til saka og sakshandsaming knytt til Via Ferrata i Hornelen frå FNF Forum for natur og friluftsliv i Sogn og Fjordane.

Vi viser til epost med brev og sakspapir datert 24.mai 2016 frå Inger Hilde ved Bremanger kommune

«Det ligg føre planar for tilretteleggjing for tursti og klatrerute/ via ferrata frå Hunskor til Hornelen. Det skal anleggjast parkeringsplass og førast opp toalettbygg på Hunskor, ved gravplassen. Deler av tiltaket, toalettbygg, tilretteleggjing av tursti og merking av sti, er søkt spelemidlar for. Planstatus for planområdet er landbruks-, natur- og friluftsområde i gjeldande arealplan frå 2004. Fjellområda har retningsline «område der friluftsliv er dominerande» (skravert med grønt). Sjøområdet utanfor Hunskor og Hornelen er naturområde, NA. Planområdet er skredutsett, og arbeid med skredrapport pågår. Resultat av den reelle skredfarevurderinga må leggjast til grunn for det vidare arbeidet.

Planar for tiltaka, herunder omtale av prosjektet for tilretteleggjing av Hornelen for turgåing og klatring i via ferrata - fastmontert klatreanlegg i fjell, ligg ved. Vedlagt kart viser planlagt parkeringsplass for 100 bilar.

Vi bed om dykkar fråsegn i saka, herunder til sakshandsamingsmåte, så snart det let seg gjere.»

Fråsegn frå Forum for natur og friluftsliv, Sogn og Fjordane Turlag og Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane.

Til sakshandsamingsmåte:

Vedlagt er lenkje til eit svarbrev frå KMD om handsaming av Via Ferrata etter PBL, som svar på eit konkret spørsmål frå Norsk Friluftsliv. Dei legg ansvaret til vurdering om tiltaket er søknadspliktig etter PBL til kommunen. Marianne Reusch, jurist med doktorgrad på Allemannsretten har skrevet ein artikkel om tema, sjå lenkjer. Hun er klar på at ein må ta med mengda av og tyngda av innretningane som skal brukast. I ein omfattande Via Ferrata vert dette store mengder stål, wire, bolter og trinn. Omfang vert då av ein slik karakter at tiltaket må inn som søknadspliktig etter PBL (artikkel i lenkje + pers. med. Marianne Reusch i Sogndal 08.06.2016).

FNF Sogn og Fjordane, Sognefjordvegen 40, 6863 Leikanger. Tel.: 480 20 532

Epost sognogfjordane@fnf-nett.no

Nettside www.fnf-nett.no/sognogfjordane

<http://allemannsretten.no/2015/10/07/via-ferrata-og-allemannsretten/>

<http://www.norskfriluftsliv.no/via-ferrata-lover-og-regler/>

Etter vår oppfatning bør Bremanger kommune handtere denne saka etter plan- og bygningslova. Dette er den måten som opnar for retten til å gje sitt syn til kjenne gjennom høyring, og eventuelt klage på vedtaket. Vi meiner tiltaket er så stort i utbreiing – med ei teknisk tilrettelegging over ein lang strekning opp til toppen – at det i realiteten er ei arealbruksendring i eit område som har LNF-status med hovudvekt på natur.

Bruk av spelemidlar

Spelemidlar og retningslinjer for tiltak til friluftsliv ligg det nasjonalt nokre føringer på kva desse skal nyttast til, og den overordna politikken legg vekt på:

Friluftsliv for alle!

Friluftsliv i dagliglivet!

Eit hovudmål i friluftspolitikken er å planlegge og tilretteleggje for friluftsliv slik at fleire kan drive friluftsliv i kvardagen. Det inneber at ein må prioritere tiltak for friluftslivet nær der folk bur slik at tilboda kan nyttast av alle, dvs born, ungdom, pensjonistar og andre som til vanleg ikkje nyttar bil for å komme til sine friluftsområde.

Vi meiner ein Via Ferrata til Hornelen i det vesentlege er eit tiltak for turisme, ikkje for eit enkelt og lite ressurskrevjande friluftsliv som krev lite tilrettelegging. Det kan difor ikkje vere kvalifisert til spelemidlar. Eit krevjande Via Ferrata-prosjekt meiner vi ligg utafor retningslinjene og at spelemidlar ikkje bør nyttast til eit slikt prosjekt.

Vi viser og til at paraplyorganisasjonen Norsk Friluftsliv for ikkje lenge sidan la fram eit dokument med 26 forslag til styrking av friluftslivet. Dei handlar mest om å sikre nok natur som han er. <https://docs.google.com/viewer?url=http%3A%2F%2Fwww.norskfriluftsliv.no%2Fwp-content%2Fuploads%2F2016%2F06%2FFriluftslivsorganisasjonenes-innspill-til-friluftslivsmeldingen-endeling.docx>

Friluftsliv i harmoni med naturen!

Naturopplevinga er heilt sentral i friluftslivet. All tilrettelegging bør derfor tilpassast terrengformer, vegetasjon og landskapsdrag slik at opplevingsverdien ved å ferdast i naturen ikkje vert forringa.

Eit kjenneteikn ved den norske friluftslivskulturen er lite etterspurnad etter tilrettelegging i terrenget, med unnatak for merking og bruer som gjer det mogleg å krysse større elvar og enkel utbetring på på punkt med vanskeleg framkomst. Merking av ruter er oftast på ein diskre måte. Dei fleste er ute etter å oppleve naturen med sine uforstyrre kvalitetar.

Eit endepunkt for Via Ferrata på toppen av Hornelen er eit teknisk turismetiltak på eit fjell med ein særleg attraksjonsverdi. Geografien (det høgste fjellet rett frå sjøen i Nord-Europa), historia og segnene (heksene, Olav Tryggvason) gjev fjellet ein opphøgd posisjon, også for andre enn dei som går dit. Dette er ikkje eit fjell som fortener å bli nivellert ned med kommersielle og tekniske innretningar for kunstige opplevingar.

Toalettanlegg og ordinær sti til Hornelen kan inngå i tilrettelegging knytt til den ordinære ruta frå Hundskår.

For dei som nyttar dei vanlege turstiane frå Hundskår eller Berle til toppen av Hornelen vil ein Via Ferrata som kjem opp i frå kanten av utsiktsranden kunne forstyrre opplevingsverdien.

For dei som klatrar i Hornelen på tradisjonelt vis vil ein Via Ferrata forstyrre både sjølve klatringa, men opplevingsverdien spesielt. Viser til:

<https://www.nrk.no/sognogfjordane/atvarar-mot-via-ferrata-i-hornelen-1.12706531>

«Å etablere boltede ruter og rappellruter til fjells, er som mange andre har påpekt, ikke nødvendigvis noe argument *for* sikkerhet. Heller motsatt. Det fører bare til at uerfarne klatrere som kanskje ikke har nødvendig erfaring begir seg ut på tur over evne. Klatring handler ikke om tilrettelegging! Klatring handler om eventyr, om å gå inn i det ukjente og ut av komfortsonen. Klatring skal ikke nødvendigvis være synonymt med sikkerhet. Jeg sier ikke at klatring ikke skal være sikkert, vi streber jo nettopp etter det hele tiden, men vi oppnår det ikke gjennom å «tilrettelegge» for de uerfarne på denne måten. Vi oppnår det gjennom å klatre taulengde etter taulengde og opparbeide oss erfaring og godt håndverk over tid. Først da kan vi stikke til fjells. Og siden flere generasjoner av klatrere har klart seg fint uten noe rapellrute på Klauva så jeg ser ikke behovet nå heller.»

<http://www.nilsnielsen.com/fandens-hekletoy/>

https://www.researchgate.net/profile/Leif_Magnussen

<https://www.nrk.no/sognogfjordane/vil-ikkje-ha-via-ferrata-i-hornelen-1.12699561>

<http://www.norsk-klatring.no/Impulser/Ute/Fjell/Via-ferrata-til-topps>

Sikker ferdsel og tryggleik:

1. Den planlagde via Ferrata-traseen til Hornelen ligg slik til i terrenget at sannsynlegvis ingen har direkte innsyn til den, bortsett frå enkelte som bur inne på fastlandet, ganske langt unna. Dei må høgst sannsynleg bruke kikkert for å sjå noko.

2. Enten ein likar det eller ikkje: Bremangerlandet er ein utkant, og ein kan ikkje rekne med at det blir særleg stor trafikk i denne via Ferrataen, bortsett frå at det blir nokre guida turar. Dette betyr at viss nokon (som ikkje er med på ein guida tur) får problem oppe i fjellveggen, til dømes grunna akutt høgdeskrekk/panikkangst, så vil det kunne gå lang tid før dette blir oppdaga. I ein slik situasjon er det også sterkt auka fare for at dei som er i situasjonen, kan risikere å misse mobiltelefonen sin. Det vil ikkje gjere ein eventuell panikkangst noko betre om dette skulle skje. Eg meiner det er uforsvarleg å legge ein via Ferrata-trase i eit område der det er så lite tilsyn, og der ein risikerer at det går mange timar før ein oppdagar at nokon treng hjelp. I Loen er situasjonen på dette feltet ein heilt, heilt annan. Der er det mykje meir trafikk enn det nokon gong vil bli på Hornelen, og det er mykje betre innsyn nedanfrå. Sjansen for at folk som får problem ikkje vert oppdaga innan kort tid, er svært mykje mindre i Loen enn den vil vere på Hornelen.

3. Via Ferrata i Hornelen slik den er skissert er langt brattare over lenger strekk slik at fleire fallskadar enn i Loen må påreknast.

Sitat frå NRK sine nettsider:

"Vandreturen til Trolltunga forårsaka 23 redningsoperasjonar i 2015. [I fjor omkom ein australsk student etter eit fall frå Trolltunga.](#)"

Linken sitatet er henta frå: <http://www.nrk.no/mr/vil-gjere-fjellturen-tryggare-for-turistar-1.12960637>

Via Ferrata-ruta i Loen ligg i ein heilt annan klimasone, med langt meire stabile verforhold enn ute ved Hornelen, der veret skiftar og svingar raskt, regn, tåke og sterk vind kjem langt oftare og heftigare enn inne i Loen. Vanskegraden på Via Ferrata-ruta i Loen er slik vi ser det mykje lægre og lettare enn den som planleggast i Hornelen, noko som svært truleg vil medføre fleire redningsaksjonar, tilsvarande som i Trolltunga.

Vi spør såleis ansvaret vert for redningsaksjonar i området, kven som har det og korleis desse skal utførast og av kven? Vil legehelikopter kunne nå til ruta under ulike verforhold, Sea-King, kva finst av personell til alpine redningar til fots opp og ned ruta? Vil eventuelle frivillige redningsgrupper få dekka sin ekstra kostnader om det vert tilsvarande nivå på aksjoner som i Trolltunga?

Rasfaren i området må vurderast nøye! Lokalkjende fortel at dei som bur over fjorden rett som det er høyrer stein som smell i fjellsida eller i fjorden.

Hornelen som immatrielt kulturminne, landskapsikon og landemerke:

<https://bremanger.kommune.no/Handlers/fh.ashx?MIId=11203&FilId=12327>

Frå Bremanger kommune sitt informasjonshefte: «Sjøklippa Hornelen av gamalt Smalsarhorn Hornelen kneisar loddrett opp frå skipsleia like vest for Rugsund, og vert med sine 860 meter rekna som den høgste sjøklippa i Europa. Hornelen er skapt av den same bergarten som resten av Ålfot-massivet er laga av dvs. gamal havbotn med forsteina avstengingar av sand og små og store steinar frå devontida. På den framoverlutande toppen skal det vere ei rivne i fjellet. Segna vil ha det til at sjøfolk fekk forbod mot å bruke skipsfløyta når dei passerte under Hornelen. Gjorde dei det, kunne vibrasjonen føre til at fjellstykket ramla ut og skapte ei flodbylgje. Få fjell i Noreg er knytt så mange segner og mystikk til som Hornelen. Den mest kjende segna om Hornelen fortel om kong Olav Trygvasson som klatra opp i fjellveggen og festa skjoldet sitt øvst i fjellveggen. Då ein av hirdmennene freista å klive opp for å hente skjoldet, gjekk han seg fast og kom seg ikkje ned. Då skulle Olav Trygvasson ha klive opp, teke mannen under eine armen og berga han trygt ned. Øvst oppe på Hornelen reiser Juratinden seg. Den har skap som ei jygr (trollkjerring) med ein unge under armen. Segna fortel at dette er jygra som Heilag Olav mante til stein ein gong han kom seglande så hardt framom at han kløyvde frå fjellet ei mektig steinblokk som datt ned og vart liggjande som det vi i dag kjenner som Marøyna. Saman med fjellet Vora i Breim er Hornelen det mest kjende "heksefjellet" i Sogn og Fjordane. Her ville overtrua ha det til at heksene samlast til fest både julenatta og jonsoknatta for å danse og halde fest saman med Fanden. I 1897 vart den bratte fjelleveggen klatra rett opp av den kjende fjellklatraren Kristian Bing frå Bergen. Han var i fylgje med den lokalkjende Anders J. Hunskår frå Skatestraumen. Bing er elles kjend som fjellklatrarpionér i Jotunheimen og kring Jostedalsbreen, og i Ålfot-fjella.»

«Heksefjellet Hornelen

Eit mindre kjent heksefjell finn ein i Nordfjord. Det er Hornelen, som er best kjent for å vera den høgste sjøklippa i Nord-Europa – med 860 meter frå toppen og rett ned i havet. Fjellet er i seg sjølv eit mektig og majestetisk syn. Her med fortel folkediktingi um hekser som møttest på jolaftan og jonsokaftan for å dansa og halda fest saman med Styggen sjølv. Um heksene på Hornelen heiter det at at dei kom flygande til fjellet på sopelime – eller flygande på ryggen åt ein saudebukk. På Hornelen åt dei både lutefisk og løfse og andre godsaker – og Styggen skreiv dei inni boki si med blodet deira.



Hornelen, sedd yver Frøysjøen frå Vingen.

I ei av segnene vert det fortalt um ei trollkjerring som hadde tenkt ut eit lurt triks for å hindra at mannen hennar skulde finna ut kva ho dreiv på med um natti: Ho henta ei kvit geit i fjøsen og lagde geiti i sengi fyre ho sjølv flaug til Hornelen...

Det finst elles ei rad segner som knyter både Olav Trygvason og Olav den heilage til dette fjellet. Hornelen er helder ikkje so langt frå Berle, der den mektige Kveldulv – bestefar åt Egil Skallagrimson – hadde setet sitt. I vikingtidi vart toppen på fjellet kalla for Smalsarhorn (Saudehornet), medan den nedste parten på fjellet framleis den dag i dag vert kalla for Helen. Jacob Aaland skriv i den gamle bygdeboki for Davik Herad at namnet som ein nyttar i dag, Hornelen, kann vera ei samanstilling av desse tvo upphavlege namni. Altso Horn-helen.»

<https://maalmannen.wordpress.com/2015/06/18/hornelen-vingen-hammen-forfedre-triangelet-i-ytre-nordfjord/>

Vi meiner at ein ikkje bør gjere slike store inngrep i eit kulturminne og landskapsikon som Hornelen faktisk er.

Biologisk mangfald i Hornelen-området:

Frå fylkesatlas, Miljødirektoratet Naturbase finn vi dette om området noko aust for tiltaksområdet som og tyder på at ein kartlegging av naturverdiane i tiltaksområdet vil vere naudsynt:

Omtalen er ut frå tur 07.08.2003. Hornelen ligg lengst aust på Bremangerlandet og er eit av dei mest markerte landemerka i regionen, der fjellet stuper omtrent rett ned i sjøen frå toppen på 860 m o.h. Det er litt rasmark og småskog heilt ned mot sjøen under fjellet. Ein del av rasmarka er grovsteina og har fattig og triviell vegetasjon. Delar av rasmarka og bergveggane er derimot ganske frodige og artsrike, med innslag både av fjellplanter og ulike varmekjære artar. I tillegg veks det også kravfulle og raudlista lav og sopp her. Ein skal heller ikkje utelukke at lokaliteten er leveområde for kravfulle og sjeldsynte insekter (sommerfuglar m.a.). Av varmekjære plantar kan nemnast artar som skogsvingel, lundgrønaks, kusymre og mellomtrollurt. Av noko kalkkrevjande artar finst m.a. vill-lin, gulsildre, grønburkne, blankburkne og rundskolm. I hasselkratt fant vi raudlistearane marsipankremle og hasselskrubb, medan det på nokre bergveggar vaks ein prikklav (helst randprikklav) og blåfjelllav (helst kystblåfjelllav). Mykje av lokaliteten er lite tilgjengeleg eller helt utilgjengeleg utan klatrestyr, og det veks sikkert fleire andre sjeldsynte og kravfulle artar her. Lokaliteten er såpass stor og spesiell at berre det peker i retning av verdi svært viktig (A). Funn av fleire raudlistearar tilseier også dette.

Omtalen er ut frå tur 07.08.2003. Hornelen ligg lengst aust på Bremangerlandet og er eit av dei mest markerte landemerka i regionen, der fjellet stuper omtrent rett ned i sjøen frå toppen på 860 m o.h. Det er litt rasmark og småskog heilt ned mot sjøen under fjellet. Ein del av rasmarka er grovsteina og har fattig og triviell vegetasjon. Delar av rasmarka og

<http://fylkesatlas.no/>

Av fuglearter som hekkar i området/nærleiken og som treng særleg omsyn i hekketida er vandrefalk og havørn.

Konklusjon:

Det er ein samansett rekkje av store attraksjonar i både Bremanger kommune og nabokommunane. Hornelen er eit kulturminne og landskapsikon som bør få kneise vakkert, rått og utan inngrep også for framtida! I lag med fleire attraksjonar i nærområdet vel vi å meine at området sel seg godt utan dette tiltaket og inngrepet i fjellet. I tillegg er vi særst skeptiske til tryggleik og sikkerheit i eit evt Via Ferrata-anlegg her. Det ligg svært vereksponert og rasutsett til. Verforhold og topografi kan gjere redningsarbeid krevjande. Hornelen er eit godt besøkt turmål. Betre tilrettelegging av parkering, fasiliteter og sti kan gje ei auke i tal besøkande. Dette kan styrkast ved å satse på fleire av dei andre attraksjonane i Bremanger og Fjordkysten som feriemål.

Vi støttar eit reiseliv som evner å ivareta dei særeigne landskapa med enkel tilrettelegging utan konfliktfylte inngrep!

Med helsing
Forum for natur og friluftsliv i Sogn og Fjordane

Elisabeth Dahle
koordinator

Sogn og Fjordane Turlag
Ron Overdevest, leiar Naturvernutvalet



Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane
Marit Vøien Nes, leiar

